

Mikkel Gaup til Dragseidspelet

Mikkel Gaup blir å finne på rollelista når Dragseidspelet 'På Sverdeggja' igjen blir sett opp til våren.

- Heilt utruleg bra at ein så profilert skodespelar som Mikkel vel å bruke tid på oss, seier formann i arrangøren Stadlandet Ungdomslag, Margit Fløde. Strålande fornøgd etter at ein idè som sette seg i hovudet hennar, no har blitt realitet.

Gaup som har stor sans for, og kjennskap til utespel, bestemte seg allereie etter kun å ha fått ein kort omtale av det historiske spelet på Stadlandet. Med litt meir kunnskap rundt historia og si eiga rolle, er han no både spent og engasjert rundt det han skal ta fatt på.

- Landet vårt er så vakkert med så mange flotte historier i seg. Det er flott at det finst folk som vil gripe fatt i desse og synleggjere dei for 'notida'.

Den høgaktuelle skodespelaren har takka ja til rolla som Gunnar Raud, son til hovudpersonen Ragnvald frå Ervik. Ei kjenslesterk rolle som bevegar seg både innanfor hat og kjærleik. Eit godt utgangspunkt for den nye rolleinnehavaren.

- Eg er glad i vakre, men også sterke og følelselada settingar.

Mikkel Gaup dansa seg i haust inn i mangt eit hjerte, i programmet 'Skal vi danse?'. Han fekk sitt store gjennombrøt i filmen 'Veiviseren' tilbake i 1987. Gjennom karrieren har han spelt i ei rekkje filmar og teater, og krona det heile med hovudrolla i tidenes norske filmsatsing 'Kautokeino-opprøret'. Ei rolle han hausta strålande kritikkar for, og befesta si rolle som ein av dei store skodespelarane i landet.

Til våren er det altså Dragseidspelet som står for tur.

Han blir med det den andre profesjonelle skodespelaren i spelet. Frå før har Roger Hilleren gitt beskjed om at han ynskjer å bli med vidare i rolla som Ragnvald. Dermed blir det eit spennande møte mellom far og son på Dragseidet i pinsa.